Gjev ikkje opp Stemneplassen

31.03.2014

Tormod Myklebust - engasjert i framtida til plassen

Under årsmøtet på Stemneplassen om den 10 mål store naturidyllen i kveld vart nedrigging av han lansert som eit alternativ, Men fleirtalet av de frammøtte var tydeleg mot ei slik løysing og er ikkje innstilt på å gje opp plassen, som er eit unikt tilbod i Kvinnherad. Difor skal det haldast eit nytt møte beramma til 23. april og dit skal også fagfolk frå bygningsbransjen innkallast. Eit springande punkt er tilstanden til bygget på plassen,og i neste runde må det koma ein tilstandsrapport

Kåre Vetrhus - engasjert i framtida tilplassen

Det mest positive ved møtet var igrunnen frammøtet ettersom 7 av dei 10 laga som utgjer friluftslaget var representert.
Skrivar Kristian Bringedal la fram ei årsmelding som galdt for heile tidsrommet frå 2010 og konstaterte at siste styret vart vald i 2010. Bruken av plassen har vorte redusert i dei seinare åra.
Å halda drifta igang kjem på vel 20 000 kroner i året og noko må skje hvis den skal halda fram.
Kåre Vetrhus peika på ein taklekkasje som må utbetrast.

- Vi kan ikkje la huset forfalle, heldt han fram.
Bjørulv Eik meinte plassen framleis burde brukast 17. mai når vertilhøva tilseier det.
Tormod Myklebust gjekk inn for eit nytt drøftingsmøte om mogelege løysingar.
Trond Lekva Myklebust ville gjerne veta kva bygda meiner om plassen og dens eventuelle framtid. Kanskje bør han selgjast? Mykje har skjedd på denne fronten i dei seinare åra.

Imidlertid heitte det i salsvilkåra frå 1967 at han ikkje skal seljast eller delast opp til annan bruk. Det skal heller ikkje førast opp bygg som ikkje naturleg høyrer heime der.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen